

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 4. februar 2020
Tid: kl. 17.00 (NB)
Sted: Kantina, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på sekretariatet si www.kontrollutvalgene.no.

I etterkant av møtet vil det bli gjennomført workshop i regi av KPMG. Formålet er å identifisere risikoar som kommunen står ovanfor og kor vesentleg desse risikoane er. Dette skal så danne grunnlag for å kunne etablere og verifisere moglege område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i ny plan for dei neste fire åra.

I tillegg til kontrollutvalet og sekretariatet er ordførar, leiar for levekårsutvalet og leiar for teknisk utval invitert kl. 18.00.

Saksliste:

- 1/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 02.12.19
- 2/20 Plan for orienteringar om resultatområda og stabsfunksjonane
- 3/20 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2020
- 4/20 Kontrollutvalet si årsmelding for 2019
- 5/20 Referat- og orienteringssaker 04.02.20

Eventuelt

Aksdal, 28.01.20

Ola S. Apeland (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/innkalla)
Varamedlemmer (til orientering)

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 2. desember 2019 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland. Han ønskte velkommen til det fyrste møtet i denne valperioden.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 19.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Marit Hølland Gjedrem (Sp), Emly Årvik (A) og Svein Terje Brekke (KrF)
MØTANDE VARAMEDLEM	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland og forvaltningsrevisor Bjørg Rabbe Sandven, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 19/19 KONTROLLUTVALET SIN OPPGÅVER OG ANSVAR

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgåver og ansvar til orientering. Utvalet har inga merknader knytte til evalueringa for perioden 2015-2019 eller Utvalet vil framheva følgjande:

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Sekretær orienterte om sekretariatet, kommunen si revisjonsordning, lovverk og forskrift knytte til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m. Tre av medlemmene hadde vore på felles opplæringskveld. Utvalet kom med kommentarar undervegs. Utvalet meinte det var ei styrke å ha rådmannen til stades på møta. Utvalet var også nøgd med invitasjon til folkevaldopplæringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Tysvær kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgaver og ansvar til orientering.

SAK 20/19 MØTEPLAN FOR 2020

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2020:

tysdag 04.02 , 26.05, 09.06, 15.09 og 10.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan, i samråd med leiar, endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Utvalet drøfta framlegget. Utvalet blei samd om å flytte fram møtet til 12. mai, då Brekke ikkje kunne 26. mai. Elles var det ingen merknader til datoane. Utvalet var vidare samd i å sette møtet til kl. 18.00.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2020:

tysdag 04.02, 12.05, 09.06, 15.09 og 10.11 kl. 18.00.

SAK 21/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 01.10.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 01.10.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 01.10.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 22/19 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITVURDERINGAR OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 FOR TYSVÆR KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 for Tysvær kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan/ med desse endringane. Ramma vert sett til 140 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Forvaltningsrevisor Bjørg Sandve gjorde greie for prosjektplanen. Ho orienterte om den planlagde prosessen og at medlemmene og nøkkelpersonar i kommunen vil spele ei viktig rolle i dette arbeidet. Rådmannen bad om at revisjonen si kontakt med administrasjonen blei retta til rådmannen. Han sjølv ville ikkje alltid skulle vere til stades, men han ønskte å vere orientert. Revisor lova å etterkomme hans ønskje. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Tysvær kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitsvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 for Tysvær kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan med følgjande tillegg pkt. 4 Spørjeundersøking/innspel frå einingsleiarar i samråd med rådmannen.

Ramma vert sett til 140 timar.

SAK 23/19 PROSJEKTPLAN – FORVALTINGSREVISJONSPROSJEKT – «RUTINAR FOR KVALITETSSIKRING I PLAN – OG BYGGESAKER»

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Rutinar for kvalitetssikring i plan- og byggesaker» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 220 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Forvaltningsrevisor gjekk gjennom bakgrunn for prosjektet, formål, problemstillingar, metode og framdriftsplan.

Utvalsleiar kom med følgjande framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtar å sende saka tilbake for ny behandling til neste møte, og endrar prosjektet til forvaltningsrevisjon «Styring og gjennomføring av investeringsprosjekt i Tysvær kommune».

Han viste til at kommunen kjem til å gjennomføre fleire store investeringsprosjekt i dei kommande åra og at det ei kjensgjerning at fleire prosjekt er gjennomført utan tilstrekkeleg god styring. Leiar meinte dette prosjektet ville ha større nytte for kommunen enn det som var lagt fram. Framlegget var basert på samtale med rådmann og kommunalsjef teknisk.

Framlegget med tre problemstillingar og underpunkter blei delt ut i møtet. Desse problemstillingane blei presentert:

- 1: *Har rådmannen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekta?*
- 2: *Er investeringsprosjekta gjennomført etter retningslinjer og krav til god prosjektstyring?*
- 3: *Rapportering underveis til rådmannen og til folkevalt nivå?*

Sekretær viste til at utvalet hadde bestilt og fått gjennomført eit prosjekt som skulle sjå til om kommunen har/hadde tilstrekkeleg styring av investeringsprosjekt i 2018. Det blei sett frist for tilbakemelding frå rådmannen på KPMG sine tilrådingar, og desse blei lagt fram for kommunestyret i juni i år.

Utvalet drøfta utvalsleiar sitt framlegg. Utvalet var usikker om læringspotensiale for framlagt prosjekt om plan- og byggesaker. Det blei også vist til tidlegare forvaltningsrevisjonar om økonomistyring og internkontroll. Utvalet ønskte meir tid på val av prosjekt og ville vente med ei avgjersle til neste møte. Godkjenning av prosjektplan vil då bli utsett til maimøtet og rapport klår til hausten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Tysvær kontrollutval vedtar at forvaltningsrevisjonsprosjektet "Plan- og byggesak» blir sett på vent og at sak om val av nytt prosjekt vert tatt opp i møtet i februar 2020.

SAK 24/19 REVISJONSPLAN FOR REVISJON AV REKNESKAPEN 2019

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå KPMG for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimsrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Revisor Stakland orienterte og delte ut presentasjon av planen på papir. Han orienterte om revisjonsteamet, om oppstartsmøte med administrasjonen og fokusområde. Utvalet hadde ingen merknader til planen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå KPMG for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor om interimsrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

SAK 25/19 ORIENTERING OM ØKONOMISITUASJONEN I TYSVÆR OG FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 2020 OG ØKONOMIPLAN 2021-2023

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si orientering om budsjettsituasjonen 2019 og framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan 2021-2023 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Utvalsleiar ønsket at rådmannen delte sine erfaringar og tilbakemeldingar om bruk av digitalt budsjett. Rådmannen viste til at han nå hadde heile budsjettframlegget i lomma via smarttelefonen. Pr i dag er det 120 kommunar som nyttar «Framsikt». Han hadde stort sett fått gode tilbakemeldingar. Han omtala ikkje tala for 2019 eller framlegg 2020, men det er budsjettert med netto driftsresultat på 4,2 %, som er eit svær godt måltall. Utvalet hadde ikkje spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si orientering om budsjettsituasjonen 2019 og framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan 2021-2023 til orientering.

SAK 26/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.12.19

45. Statusrapport pr. november 2019
46. Kommunestyrevedtak 22.10.09.19 sak 79/19 – Oppfølging av selskapskontroll –KH IKS
47. Komm.styrevedtak 24.10.19 sak 64/19 – val av kontrollutval for perioden 2019-2023
48. Taushetserklæringsskjema (blei signert i møtet)
49. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Brann og redning IKS 14.11.19
50. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 27.11.19,

51. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Veks IKS 13.12.19
52. Ønsker åpenhet og innsyn i kommunenes arbeid – Kommunal Rapport 28.10.19
53. Konferanse for kontrollutvala i Rogaland - Sandnes 09.01.20
54. Invitasjon til NKRF si kontrollutvalskonferanse 29. – 30. januar 2020

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.19:

Sekretær gjorde greie for sakene. Utvalet drøfta deltaking på konferansar. Ingen hadde høve til å delta på konferansen på Gardermoen i januar. Alle medlemmene ønskte å delta på konferansen i Sandnes. Sekretariatet sørgjer for påmelding. Fellestransport vil bli avtalt seinare. Elles ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.19:

Referatsakene 45 - 54 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval vedtar at alle medlemmene vert påmeldt og reiser på konferansen i Sandnes 09.01.20.


EVENTUELT

Ingen andre saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag 4. februar 2020, kl. 18.00

Aksdal, 2. desember 2019

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	04.02.20	2/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR ORIENTERINGAR OM RESULTATOMRÅDA OG STABS-FUNKSJONANE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 12.05.20	
Møtet 09.06.20	
Møtet 15.09.20	
Møtet 10.11.20	
1. møte 2021	
2. møte 2021	
3. møte 2021	
4. møte 2021	
5. møte 2021	

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiarer er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering

Tidlegare kontrollutval har vore svært nøgd med å bli orientert om driften av kommunen og kva som skjer innan resultatområda og støtte/stabsfunksjonane. Plan for orienteringane har vore sett på nyåret. Planen er blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår ein arbeider under m.m.

Frå og med 2016 blei slike orienteringar også gjennomført i Tysvær kontrollutval. Orienteringane var på møta også i 2017 og 2018. I 2016 var det 10 personar i rådmannsgruppa og alle blei invitert etter tur.

Kontrollutvalet kan invitere einkvar leiar eller tilsett. Den enkelte leiar eller tilsett får da delta i eit kontrollutvalsmøte kor dei får presentere sin etat/avdeling med fokus på arbeids- og ansvarsområde den enkelte etat/avdeling har.

Kontrollutvalet v/sekretariatet vil oppfordre og utfordre den enkelte leiar til å komme med både ris og ros av eigen etat/avdeling, fokusere på både det som går bra og kva som er av utfordringar.

Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2020 og neste år, for på den måten å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen sin drift og utfordringar.

Rådmannen (i ny kommunlov: kommunedirektøren) er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halde seg til. Invitasjonen går derfor via rådmannen, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hans vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Rådmannen skal då vere orientert om det.

Siden orienteringa frå rådmannen er overbyggande, vil sekretariatet tilrå å starte med rådmannen, som har det overordna ansvaret i kommunen. Dersom ein følgjer oppsett plan, vil kontrollutvalet ha fått ein overordna orientering om dei fleste områda i løpet av dette året og evt. neste år.

Frå Tysvær kommune si administrative organisering har eg henta følgjande frå nettsidene:

Sigurd Eikje er rådmann i Tysvær kommune. Han er kommunen sin øvste administrative leiar, og bindeleddet mellom politisk leing og administrasjonen.

For den samla styringa av kommunen sin administrasjon er det etablert eit leiarforum kalla Rådmannsgruppa, som i tillegg til rådmannen, er samansett slik:

Annbjørn Lunde, kommunalsjef Helse og mestring

Jorid Vea Isdahl, kommunalsjef Oppvekst og kultur

Bjørn Bruaset, kommunalsjef Teknisk

Tor Leif Helgesen, økonomisjef/leiar av Økonomikontoret

Kristin Helle, personal- og organisasjonssjef/leiar av stabsfunksjonane Personal, Fellessekretariat, Servicetorg og IT

Det kan leggjast inn nå eller lagast ny plan seinare for andre leiarar som utvalet ønskjer skal komme å orientere, som til dømes skulesjef, barnehagesjef, omsorgssjef, fagsjef og leiar av resultatområdet helse og førebygging, kultursjef, plansjef, IT-sjef osv.

Utvalet blir no bedt om å ta stilling kven dei ønskjer å be om å komme på neste møte og dei andre møta i år og neste år. I tillegg kan det måtte bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Utvalet kan og bli samd om kor lang tid den inviterte skal få til rådighet med eller utan spørsmål. Det blei ikkje sett nokon tidsramme i sist periode, men i andre utval har dei sett 30-40 minutt inklusiv spørsmål. Dette har blitt stort sett halden, men har også bli utvida av utvalet der det har vore ønskeleg.

Det er også greit dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål at dei blir varsla via sekretariatet i forkant av orienteringane. Rekkjefølgen er det kontrollutvale vel, men det kan det bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som blir invitert.

Aksdal, 27.01.20



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	04.02.20	03/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2020

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Rutinar for kvalitetsikring i plan- og byggesaker» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 220 timar.

Vedlegg: **KPMG:** Prosjektplan - «Rutinar for kvalitetsikring i plan- og byggesak»
(fordeling av timane er ikkje off., OFL § 13/Forv. § 13)

Saksorientering

I møtet 01.10.19, sak 16/19 bad kontrollutval i førre valperiode revisjonen om å legge fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsprosjekt innan tekniske tenester til neste møte. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 21.11.19 om eit prosjekt om "Rutinar for kvalitetsikring i plan- og byggesaker».

Formålet er å vurdere om Tysvær kommune etterlever krav etter lovverk, internkontroll og i delegasjonsreglementet til sakshandsaming innanfor plan- og byggesaker. På bakgrunn av føremålet ble det foreslått følgjande problemstillingar:

1. For eit utval av plan- og byggesaker; i kva grad etterlevast krava til sakshandsaming, irekna:

- a. Krav etter lovverket?**
- b. Krav etter eigen internkontroll?**
- c. Krav i delegasjonsreglementet?**

Det nye kontrollutvalet handsama prosjektplanen i møtet 02.12.19 i sak 23/19. Forvaltningsrevisor gjekk i møtet gjennom bakgrunn for prosjektet, formål, problemstillingar, metode og framdriftsplan.

Utvalsleiar kom med følgjande framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet vedtar å sende saka tilbake for ny behandling til neste møte, og endrar prosjektet til forvaltningsrevisjon «**Styring og gjennomføring av investeringsprosjekt i Tysvær kommune**».*

Han viste til at kommunen kjem til å gjennomføre fleire store investeringsprosjekt i dei kommande åra og at det ei kjensgjerning at fleire prosjekt er gjennomført utan tilstrekkeleg god styring. Leiar meinte dette prosjektet ville ha større nytte for kommunen enn det som var lagt fram. Framlegget var basert på samtale med rådmann og kommunalsjef teknisk.

Hans framlegg med tre problemstillingar og underpunkter blei delt ut i møtet. Desse problemstillingane blei presentert:

- 1: *Har rådmannen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekta?*
- 2: *Er investeringsprosjekta gjennomført etter retningslinjer og krav til god prosjektstyring?*
- 3: *Rapportering underveis til rådmannen og til folkevalt nivå?*

Sekretær viste til at utvalet hadde bestilt og fått gjennomført eit prosjekt som skulle sjå til om kommunen har/hadde tilstrekkeleg styring av investeringsprosjekt i 2018. Rapporten blei lagt fram for kommunestyret i møte 25.09.18, sak 54/18. Det blei vedteken ein frist med 6 månader for tilbakemelding frå rådmannen på KPMG sine tilrådingar. Rådmannen leverte sin tilbakemelding til kontrollutvalet 14.05.19, og saka blei lagt fram for kommunestyret i møtet 18.06.19, sak 33/19. Kommunestyret tok tilbakemeldinga til orientering.

Utvalet drøfta utvalsleiar sitt framlegg. Utvalet var usikker om læringspotensiale for framlagt prosjekt om plan- og byggesaker. Det blei også vist til tidlegare forvaltningsrevisjonar om økonomistyring og internkontroll. Desse var bestilt i samsvar med vedtatt plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020.

Utvalet ønskte meir tid på val av prosjekt og ville vente med ei avgjersle til neste møte. Ein utsetjing gjer at rapport vil bli klår mot sammaren eller til hausten.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes 02.12.19, sak 23/19 følgjande:

Tysvær kontrollutval vedtar at forvaltningsrevisjonsprosjektet "Plan- og byggesak" blir sett på vent og at sak om val av nytt prosjekt vert tatt opp i møtet i februar 2020.

Revisjonen er i etterklant av møtet blitt varslet og har satt prosjektet på vent.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet «Investeringar – avgjergrunnlag og styring»

Rådmannen leverte følgjande tilbakemelding på status for oppfølging av rapporten og korleis tilrådingane var følgt opp eller var tenkt følgt opp:

Kommunen var inne i en endring av arbeidet med organiseringen og gjennomføring av prosjekter da forvaltningsrevisjonen ble gjennomført, noe som resulterte i at ikke alle rutiner og sjekklister var på plass på det gjeldende tidspunktet.

Når det gjelder arbeidet med prosjektstyring og ansvaret mellom prosjekteier og prosjektkontoret har det blitt gjennomført følgende:

- definere hva som inngår i prosjektstyringsrollen, herunder spesielt tydeliggjøre hvilken rolle prosjekteier og eventuelt styringsgruppen har i forhold til beslutnings myndighet.

Planavdelingen og prosjektkontoret har utarbeidet en modell for prosjektstyring og en fasesjekkliste i tråd med prosjektportalen¹. Det er utarbeidet en gjennomføring av investeringsprosjekt hvor hvert enkelt gjennomføringspunkt har fått definert hvilken rolle som har ansvar for gjennomføringen. Planavdelingen representerer som oftest prosjekteier i investeringsprosjekter.

Alle investeringsprosjekter skal ha et mandat som blir behandlet og vedtatt av styringsgruppen før prosjektavdelingen tar på seg oppdraget. Prosjektet forholder seg til mandatet i prosjektperioden. Dersom det oppstår behov som ikke er beskrevet i mandatet, er det styringsgruppen som må vedta disse endringene. Endringene skal skrives inn i et revidert mandat som skal overleveres til prosjektavdelingen.

- sikre felles begrep i kommunen sin arbeidsmodell for gjennomføring av investeringsprosjekt.

I arbeidet med utarbeidelse av fasesjekkliste har arbeidsgruppen bestående av planavdelingen og prosjektkontoret utarbeidet en fellesforståelse for innholdet i de forskjellige begrepene og hvilken betydning det har for prosjektstyringen. Tysvær kommune bruker de fasene som er definert i prosjektportalen i investeringsprosjekter. Her der det tydelig beskrevet hvem som til enhver tid har ansvaret. Underveis i prosjektene er det lagt opp til beslutningspunkter (styringsgruppen tar beslutninger) og behov for politiske saker. Etter hver fase skal det vurderes om en skal gå videre med prosjektet.

- beskrive rutiner og prosesser for konsept- og planleggingsfasen i forhold til god praksis for prosjektstyring.

Det er utarbeidet rutiner som ligger i kvalitetssystemet. Rutinene blir linket opp mot fasesjekklisten.

- sikre større grad av evaluering og læring fra gjennomførte prosjekter som blir benyttet inn i planleggingen av nye prosjekter.

Tysvær kommune har tatt i bruk DIFI sin sluttrapport. Sluttrapporten er et ledelsesprodukt som lages under avslutningen av et prosjekt og dokumenterer hvordan prosjektet har gått. Denne rapporten er blitt tatt i bruk i Stegaberget og Stølsberg prosjektene. Gjennomføring av prosjektet blir løpende korrigert basert på de erfaringene planavdelingen og prosjektkontoret tilegner seg i prosjektene knyttet til prosjektstyring.

¹ Prosjektportalen er en fullstendig løsning for prosjekt- og porteføljestyling. Portalen er basert på DIFIs Prosjektveiviser og er spesielt tilrettelagt for norske forhold. Løsningen egner seg godt både for offentlig og privat sektor.

- Kommunen bør i sin planlegging av prosjekter sikre at egne rutiner blir fulgt når det gjelder å beregne og vurdere fremtidige drifts- og vedlikeholdskostnader som følge av prosjektet.

I forbindelse med innføring av nytt økonomisystem – Framsikt - fra og med budsjettet for 2020 vil framtidige forvaltning, drift og vedlikeholdskostnader (FDV-kostnader) bli beregnet og lagt inn i budsjettet tidlig i prosjektet.

Kommunen jobber nå med innføringen av Office 365. I den sammenheng vil en flytte prosjektportalen ut i sky. Dette vil medføre at det vil bli mye lettere for eksterne aktører å knytte seg til prosjektportalen, og vil medføre en bedre prosjektflyt.

Utvalet får ta stilling til om utvalet på nytt skal velje eit prosjekt om prosjektstyring, sjølv om det berre er to år sidan dette tema blei valt ut. Sekretariatet vil ikke gje sin tilråding til det.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet «Rutinar for kvalitetsikring i plan- og byggesak»

Revisjonen hadde i forkant av prosjektplanen hatt samtale med seksjonsleiar forvaltning og kommunalsjef teknisk og innhenta oversyn gjennom kommunen sine heimesider og planverk.

Forvaltningsrevisjon skal vere forbettringsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller mogelege forbettringsområde. Ved å plukke ut enkeltsaker vil dei i forvaltningsrevisjonen i djubda undersøke korvidt kommunen si sakshandsaming er i samsvar med lovkrava.

Vidare vil dei gjennomgå kommunen sin internkontroll, og undersøke korvidt kommunen etterlev eigne krav om internkontroll i sakshandsaminga. I dette vil rutinar for kvalitetssikring inngå og faktisk etterleving av krav til likebehandling, tidsfristar, habilitetsvurderingar, offentlegheit og dispensasjonssaker vil også inngå. Ved å vurdere etterlevinga av lovverk og internkontroll, vil dei også undersøke korleis kommunikasjonen mellom søkarar og kommunen føregår. Vidare vil dei undersøke kor vidt delegasjonsreglementet vert etterlevd; kor saker vert avgjort og om samspelet mellom politisk og administrativ handsaming fungerer etter reglement og rutinar.

Slik prosjektet ligg føre, er det estimert ein ressursbruk på **220 timar**. Timane er innanfor det som kommunestyret har løyva som ramme i 2020. Av metode som vil bli nytta er nemnt case, dokumentanalyse og bruk av intervju.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG tidlegare bedt om at det ikkje vert gjort offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Dette er teke ut på s. 8 med heimel i Off.lov § 13/Forv. § 13 og vert lagt fram i møtet dersom det blir etterspurt.

Dersom utvalet vel dette prosjektet vil oppstart kunne skje i februar. KPMG vil så samle inn og analysere data og rapportsskriving fram til sommaren og høyring vil skje etter det. Levering av endeleg rapport vil skje juni og vil då bli lagt fram for kontrollutvalet sitt møte i juni eller september. Kommunestyret vil då få rapporten til sitt møte til hausten.

Kontrollvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei framlagde prosjekt og dei framlagt problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med eit prosjekt.

Aksdal, 28.01.20

Toril Hallsjø Dagleg leiar/utvalssekretær



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 21.11.19
Journalført: 19/432/Ha
Arkivkode: 216

Prosjektplan

Plan- og byggesak
Tysvær kommune

November 2019

www.kpmg.no

Innhald

1. Innleiing	2
1.1 Bakgrunn	2
1.2 Førebuing	2
1.3 Forslag til tilnærming	4
2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier	5
2.1 Føremål	5
2.2 Problemstillingar	5
2.3 Revisjonskriterier	5
3. Tilnærming	7
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	8
4. Utførande revisorar	9
4.1 Prosjektteam	9
5. Honorar	10

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Tysvær vedtok 01.10.2019 i sak 03/19 å bestille ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon om "Rutiner for kvalitetssikring i plan- og byggesak" frå KPMG.


1.2 Førebuing

Det er eit mål å utarbeide ein god prosjektplan med relevante og vesentlege problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere føremål og problemstillingar. Vi har innhenta oversikt gjennom følgjande:

- ✓ Samtale med seksjonsleiar forvaltning og kommunalsjef teknisk i Tysvær kommune
- ✓ Kommunen sine heimesider og planverk
- ✓ Lovverk omkring plan- og byggesaker

1.2.1 Organisering av plan og byggesak i Tysvær kommune

Plan- og byggesaker vert handtert av seksjon forvaltning, som er ein del av resultatområdet teknisk. Forvaltningsseksjonen har også ansvar for kart og oppmålingstenester i kommunen. Teknisk avdeling er organisert på følgjande måte:



Figur 1. Organisasjonskart Teknisk

Informasjon om søknadsprosessen for byggesaker, og skjema for utfylling av søknad, er tilgjengelig under seksjon forvaltning si nettside på kommunen si heimeside.¹ Det er også tilgjengelig informasjon om kommunen sitt plan- og reguleringsarbeid på heimesidene.²

Kommunen sitt planverk blir vedteke av kommunestyret.

1.2.2 Lovverk

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) regulerer kommunen sine oppgaver som plan- og bygningsmynde. Lova er delt i seks delar, kor andre del omhandlar plan og fjerde del byggesaker. Kommunen har ansvar for å utføre oppgåvene som dei etter lova, med forskrifter, skal utføre - irekna ansvar for at lovgjevinga blir overheldt.

Plandelen regulerer krav til kommunen si planlegging og kommunen sine planoppgåver. Kommunestyret skal leie den kommunale planlegginga og sørgje for at plan- og bygningslovgjevinga blir fylgt i kommunen. Kommunestyret skal vidare vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.

Byggesaksdelen, § 20-2, regulerer kva form for tiltak kor det er nødvendig å søkje kommunen, som plan- og bygningsmynde, om løyve. Tiltak delast i tre kategoriar:

- ✓ Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak (§ 20-3)
- ✓ Søknadspliktige tiltak som kan forvaltast av tiltakshavar (§ 20-4)

Tiltakshavar er her den person eller føretak tiltaket utførast på vegne av.

- ✓ Tiltak unndrege søknadsplikt (§ 20-5)

Kapittel 21 regulerer handsaminga av søknadar. Førehandskonferanse kan arrangerast for å avklare rammer og innhald i tiltaket. Søknaden skal vere skriftleg og underteikna av tiltakshavar og søkjar. Tiltaket skal underleggjast uavhengig kontroll. Søknaden skal innehalde dokumentasjon på at naboar er varsla på lovleg måte. Eventuelle merknadar frå naboar og andre myndigheiter skal leggjast ved søknaden. Kommunen har samordningsplikt med øvrige offentlege myndigheiter. Søknadar etter § 20-2 skal handsamast snarast mogleg og seinast innan 12 veker. Ved overskriding av fristen skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyret. Søknadar etter § 20-3 og § 20-4 skal avgjerast innan 3 veker om det er i samsvar med avgjersler gitt i denne lova og om det ikkje føreligg merknadar frå naboar eller andre myndigheiter. Søknadar som krev dispensasjon frå plan skal avgjerast innan 12 veker. Søknadar om igangsetjing skal handsamast og ferdigattest utstedast innan 3 veker.

§ 23-3 gir krav til ansvarlege føretak, som skal oppfylle krava som følgjer av forskrifter om ansvarsrett. Ansvarsrett finn stad ved at signert erklæring sendast til kommunen. Kommunen skal treffe vedtak om å frata føretak ansvarsrett ved alvorlege brot på lova eller løyve gitt av lova, eller om kommunen finn ut at føretak ikkje oppfyller krava i forskrifter om ansvarsrett.

Sakshandsaminga av plan- og byggesaker blir vidare regulert i byggesaksforskriften.

Forvaltningsloven, med dei særlege avgjersler gitt i denne lova, er gjeldande for plan- og byggesaker. Det kan ikkje klagast på forhold avgjort i bindande reguleringsplan, ved dispensasjon eller i tidlegare vedtak i byggesaka, og kor klagefristen for desse vedtaka er gått ut. Statlege organ kan klage om vedtaket direkte omhandlar vedkommande mynde sitt saksområde. Ein kvar har rett til dokumentinnsyn etter offentleglova og miljøinformasjonsloven.

¹ <https://www.tysver.kommune.no/byggesoknad/bygge-rive-eller-endre/bygge-rive-eller-endre#hva-skal-du-bygge>

² <https://www.tysver.kommune.no/plan-bygg-og-eigedom/>

1.3 Forslag til tilnærming

Forslag til tilnærming i denne forvaltningsrevisjonen byggjer på innspel frå kontrollutvalet i møte 01.10.2019 og samtale med kommunalsjef for teknisk og seksjonsleiar forvaltning i Tysvær kommune. I forvaltningsrevisjonen vil vi fokusere på:

- ✓ Etterleving av lovkrava til byggjesaker
- ✓ System for og etterleving av internkontroll innan plan- og byggesaker
- ✓ Samspelet mellom politikk og administrasjon i byggesaker i høve delegasjonsreglementet

Etterleving av lov og forskrift

Kommunen har ansvar for at lovgjevinga omkring plan- og byggesakshandsaming, inkludert plan- og bygningsloven, blir overheldt. Plan- og bygningsloven med forskrifter og forvaltningsloven stiller tydelege krav til kommunen si sakshandsaming av byggesakssøknadar. Til dømes blir det sett tidsfristar for handsaminga av ulike typar søknadar. Her foreslår vi at revisjonen fokuserer på etterlevinga av krava knytt til kommunen si sakshandsaming av byggesaker i konkrete byggesaker.

Internkontroll

Ny og gamal kommunelov set krav til at det etablerast system og rutinar for å sikre at organisasjonen etterlev gjeldande krav. KS sine rettleiarar "85 tilrådingar for styrkja eigenkontroll" og "Rådmannens internkontroll" gir rettleiing til kommunar i korleis ein betryggjande kontroll skal sikrast:

- ✓ Dokumentere internkontrollen
- ✓ Ha, bruke og vedlikehalde dokument som gjer greie for roller og ansvar
- ✓ Ha ein systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og -sikring
- ✓ Prioritere nok ressursar til den løpande internkontrollen
- ✓ Etablere tiltak for god løpande informasjon og kommunikasjon til leiarar og medarbeidarar
- ✓ Følge opp internkontrollen systematisk og reagere ved avvik og brot (ha et avvikssystem)

I ny kommunelov § 25 setjast det krav til at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemda si størrelse, aktivitetar og risikoforhold. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen, og skal:

- ✓ Utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- ✓ Ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- ✓ Avdekkje og følgje opp avvik og risiko for avvik
- ✓ Dokumentere internkontrollen i den form og omfang som er nødvendig
- ✓ Evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Vi foreslår at vi i denne revisjonen fokuserer på kommunen sitt system for internkontroll innan plan- og byggesak, samt etterlevinga av dette systemet i praksis.

Delegasjonsreglementet

Tysvær kommune sitt delegasjonsreglement tydeleggjer kven som har fått delegert mynde for dei ulike saks- og fagområda. Ved å gå gjennom konkrete byggesaker, vil vi kunne vurdere korvidt desse er handsama i samsvar med delegasjonsreglementet og korleis samspelet mellom politikk og administrasjon fungerer i byggesaker

2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier

2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Tysvær kommune etterlever krav etter lovverk, internkontroll og i delegasjonsreglementet til sakshandsaming innanfor plan- og byggesaker.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet blir fylgjande hovudproblemstilling føreslått:

1. For eit utval av plan- og byggesaker; i kva grad etterlevast krava til sakshandsaming, irekna:
 - a. Krav etter lovverket?
 - b. Krav etter eigen internkontroll?
 - c. Krav i delegasjonsreglementet?

Ved å plukke ut enkeltsaker vil vi i forvaltningsrevisjonen i djubda undersøke korvidt kommunen si sakshandsaming er i samsvar med lovkrava.

Vidare vil vi gjennomgå kommunen sin internkontroll, og undersøke korvidt kommunen etterlev eigne krav om internkontroll i sakshandsaminga. I dette vil rutinar for kvalitetssikring inngå og faktisk etterleving av krav til likebehandling, tidsfristar, habilitetsvurderingar, offentlegheit og dispensasjonssaker vil også inngå. Ved å vurdere etterlevinga av lovverk og internkontroll, vil vi også undersøke korleis kommunikasjonen mellom søkarar og kommunen føregår.

Vidare vil vi undersøke kor vidt delegasjonsreglementet vert etterlevd; kor saker vert avgjort og om samspelet mellom politisk og administrativ handsaming fungerer etter reglement og rutinar.

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriteria er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterier vil vere:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven), med forskrifter

- ✓ Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)
- ✓ Kommunen sine system og rutinar for kvalitetssikring av plan- og byggesakshandsaming
- ✓ God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sin rettleiar, "Rådmannens internkontroll, 2013".

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn data ved bruk av følgjande teknikkar:

- ✓ Case
- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju

Vi vil ta utgangspunkt i case-studie av byggesøknadar for å svare ut problemstillingane. Vi vil her gå gjennom og sjekka av minimum 2 dispensasjonssaker og 2 saker som er fatta av administrasjonen etter mynde frå politisk nivå. Her vil vi innhente og gå gjennom saksdokumentasjonen frå dei utvalde sakene. Vi legg opp til å undersøke etterlevinga av lovkrav og eigen internkontroll ved å gå gjennom handsaminga av byggesøknadar i seksjon for forvaltning. Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon frå kommunen som kan gje informasjon om internkontrollsystemet knytt til byggjesaker. Vi vil nytte dokumentanalyse for å kartlegge internkontrollen i plan- og byggesak, og korleis dette vert etterlevd. Vi vil samle inn dokumentasjon som gir informasjon om kommunen og seksjon for forvaltning sitt internkontrollsystem for plan- og byggesak, samt interne rutinar i seksjon for forvaltning for sakshandsaming av byggesaker.

Vi vil gjennomføre intervju med relevante informantar. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon om korleis sakshandsamarane sikrar at internkontrollsystemet og lovkrava vert etterlevd. Det vil vere hensiktsmessig å ha intervju med seksjonsleiar forvaltning og sakshandsamarar. Andre relevante respondentar kan også bli intervjuet. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaring til dokumentasjonen. Ved gjennomføring av intervju vert det utarbeid intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering. Informasjonen som samlast inn frå dokumentasjon og intervju vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria.

Det vil utarbeidast ein skriftleg sluttrapport som reiegrer for undersøkinga, funn og tilrådingar. Utkast til rapport vil sendast på høyring til relevante aktørar før det utarbeidast ein endeleg sluttrapport. Det vil vere ein raud tråd gjennom rapporten, og rapporten vil vere kvalitetssikra og etterprøvbar.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Vi vil bruke 220 timar på oppdraget, fordelt på hovudaktivitetane planlegging, gjennomføring og rapportering. Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

		November				Desember				Januar					Februar					Mars					April				
Faser + aktiviteter		Timer	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	
1 Forberede										Juleferie																			
1.1	Forundersøkelse																												
1.2	Etablere prosjektplan																												
1.3	Godkjenning prosjektplan KU																												
2 Starte opp																													
2.1	Sende oppstartsbrev																												
2.2	Oppstartsmøte																												
2.3	Revisjonskriterier																												
2.4	Dokumentliste																												
2.5	Intervjuplan																												
3 Gjennomføre																													
3.1	Dokumentanalyse																												
3.2	Intervjuguide																												
3.3	Intervjuer																												
3.4	Analyse																												
3.5	Kvalitetssikring																												
3.6	Rapportutkast																												
4 Rapport																													
4.1	Ferdigstille rapportutkast																												
4.2	Høring rapportutkast (2x2 u.)																												
4.3	Oversending av rapport																												
4.4	Presentasjon KU																												
		220																											

Forvaltningsrevisjonen vil ha oppstart i desember, når prosjektplanen er vedteke i kontrollutvalet. Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vil gå føre seg i desember-februar. Vi vil levere rapporten våren 2020, avhengig av kontrollutvalet sin møteplan.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	04.02.20	4/20
Kommunestyret	18.02.20	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

ÅRSMELDING FOR 2019 FRÅ KONTROLLUTVALET

Sekretariatet sitt forslag tilvedtak:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2019 (med evt. ølgende tillegg/ endringar).

Innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

Vedlegg: Utkast til årsmelding 2019 – Tysvær kontrollutval

Saksorientering

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2019 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2019 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker som har vore handsama og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 27.02.20

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING 2019



Tysvær rådhus Foto: Hallsjø

KONTROLLUTVALET

TYSVÆR KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2019.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen og selskap som kommunen eig eller er deleigar i gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlemmer, og etter kommunelova § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval eller vere styret eller bedriftsforsamlingar der kommunen har eigarinteresser.

Utvalet har i 2019 hatt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar **Arne Gjerde** (H)
Nestleiar **Øyvind Hellerslien** (Frp)
Medlem **Wenche Hellesund** (V)
Medlem **Åse Paulsen** (Ap)
Medlem **Karsten A. Larsen** (Frp)

Varamedlemmer:

1. Marit Hølland Gjedrem (Sp)
2. Sigrid Skeiseid (Frp)
3. Katrine Bakkevig (H)
4. Harry Vessel Eike (A)
5. Asbjørn Espeset (KrF)

Hellerslien var utvalet sin kommunestyrerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har i 2019 ikkje møtt. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn. Han har møtt på alle dei fire møta. I tillegg har økonomisjef, teknisk sjef, omsorgssjef orientert i saker for utvalet.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar **Ola S. Apeland** (H)
Nestleiar **Karsten A. Larsen** (Frp)
Medlem **Emly Aarvik** (Ap)
Medlem **Svein Terje Brekke** (Krf)
Medlem **Marit Hølland Gjedrem** (Sp)

Varamedlemmer:

1. Lars Birger Baugstad (Frp)
2. Jorunn Synnøve Stava (H)
3. Wenche Hellesund (V)
4. Inge Lundervold (Sp)
5. Henry Dybdahl (Ap)

Utvalsleiar Apeland er utvalet sin kommunestyrerepresentant.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2019

Kontrollutvalet har i 2019 hatt **4** (4) møte fordelt på to om våren og to på hausten. Utvalet held møta på rådhuset. Kontrollutvalet skal ha opne møte, men dei skal og kan lukke når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2019 hatt **26** (28) saker til handsaming, der **7** (5) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **53** (43) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følger som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i februar deltok Åse Paulsen. På konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Kristiansand i juni deltok ingen. På dagskonferansen på Sandnes for kontrollutval i Rogaland deltok to av medlemmane frå Tysvær. Normalt er denne i november, men pga. val av nye utval blei denne samlinga arrangert 9. januar 2020.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 21.05.19, sak 7/19 kommunen sin årsrekneskap for 2018 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 53,3 mill.kr (etter avsetjing til driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 95,1 mill. kr, som utgjør 8,7 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjør det 10,5 % av driftsinntektene inklusive renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.

Resultatet var også i fjor heilt i toppsjiktet blant norske kommunar og det beste kommunen nokon gong har hatt.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding. I revisjonsrapporten var det merknader knytte til administrasjonsrettar i nettbanken og økonomisystem og manglar ved reiserekningar. Dette var det tatt tak i av administrasjonen, og utvalet fant at det ikkje var grunn til å be om ny tilbakemelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Tysvær kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 40/16. Ny plan for 2020-2024 skal bli vedteken i år.

Rapport om «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie – og omsorgstenestene» blei lagt fram for kontrollutvalet i mai og kommunestyremøtet 17.06.19, sak 34/19. Det blei sett ein frist for tilbakemelding innan 9 månader. Tilbakemelding er venta til maimøtet i 2020.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekta om «Økonomistyring» og «Investeringar - avgjerdsgrunnlag og styring » blei lagt fram for kontrollutvalet i mai og kommunestyret 17.06.19, sakene 32/19 og 33/19. Kommunestyret tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Kontrollutvalet valte nytt prosjekt i oktober. Dei valte eit tema innan tekniske tenester, men då forvaltningsrevisorane kom med framlegg til prosjektmandat i november, valte det nye utvalet å utsetje tinginga til februar møtet 2020.

4.3 SELSKAPS- OG EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføringa. Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 39/16 på bakgrunn av ei overordna analyse. Ny plan vil bli utarbeida og vedteken i år.

Samordna selskapskontroll med eigarkommunane av Karmsund Havn IKS blei vedteken og gjennomført i 2018. Rapport blei lagt fram for kommunestyret i juni (sak 36/18). Det blei sett 12 månader for frist for tilbakemelding. Svar på oppfølging av rapporten blei overlevert frå KH i april 2019 og frå rådmannen i september. Saken blei lagt fram for kontrollutvalet og vidaresendt til kommunestyret sitt møte 22.10.19, sak 79/19.

Det var der tatt inn at eigarstyring skulle vere tema i opplæring av dei folkevalte og at eigarskapsmeldinga vil bli revidert tidleg i denne perioden. Eigarskapsmelding er nå lovpålagt å utarbeide for alle kommunane etter ny kommunelov.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Noverande avtale gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20, men blei forlenga med 1 år til 31.06.21 ved bruk av kommunen sin opsjonsavtale.

Sak om bruk av opsjon eller ny anbudsrunde blei lagt fram for kommunestyret i juni, sak 35/19. Arbeidet med ny anbudskonkurranse vil starte i vår og val av revisjonsselskap vil skje til hausten 2020.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland. Han har møtt i alle fire møta. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og dei har møtt i to av møta i 2019.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

KPMG AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimisrevisjonsarbeidet og lagt fram prosjektplan for kommande rapport og utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

I februar møtet blei utvalet orientert av rådmannen om Tiltaksplan etter rapporten *»Internkontroll av barnevernstjenesten og samarbeidende tjenester i Tysvær kommune»*.

I same møte blei det gjeve tilbakemelding frå teknisk sjef om kommunen si handtering av avfallsaker generelt og om ei konkret avfallsak på Odland industriområde.

I maimøtet blei ein klage frå ein foreining lagt fram som referatsak, men utvalet meinte det ikkje var grunn for å følgje opp saka, då framsette påstandane var tilbakevist overfor kulturdepartementet. I departementet sitt brev av 20.06.19 kunne heller ikkje sjå planar eller anlegg avveik frå det som det var omsøkt midlar til.

Det har elles i 2019 ikkje vore fleire som har tatt kontakt med utvalsleiar eller andre i utvalet med ønske om dei sett fokus på eit emne eller konkret sak. Utvalet er ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

5 BUDSJETT/REKNESKAP- KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

ANSVAR SOMRÅDE 10010	REGNSKAP 2018	BUDSJETT 2019	REGNSKAP 2019
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	65.110	84 000	
Revisjonstenester (avt m/priv.)	394.743	520 000	
Sekretariatstenester ((IKS)	192 000	198 000	
Sum utgifter	651.853	802 000	

Kontrollutvalet handsama hausten 2019 framlegg til budsjett 2020 for kontrollarbeidet i kommunen. Framlegg til budsjett var på kr 840.000 eks mva. Framlegget blei lagt inn av administrasjonen i rådmannen sitt budsjettframlegg og blei vedteken av kommunestyret som ramme for 2020.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert frå og med 2005 og vore i drift i 15 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Agder og Hordaland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Tysvær kommune har Gunn Marit Lygre vore valt som kommunen sin representant til representantskapet i IKSet og med Anders H. Nordgård som varamedlem. Representantskapsmøtet blei halde 06.05.19 og Lygre møtte. Ny strategiplan for selskapet bli mellom anna vedteken.

For valperioden 2019-2023 er Kathrine Bakkevig valt som medlem i representantskapet med Åsmund Sandvik som varamedlem.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2019 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein forvaltningsrevisjonsrapport innan for området pleie- og omsorgstenestene. Det har vore tre oppfølgingssaker om tidlegare rapportar. Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er utsett til 2020. Administrasjonen har gjort greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Aksdal, den 04.02.20

Kontrollutvalet i Tysvær

Ola S. Apeland
leiar (sign.)

Karsten A. Larsen
(sign.)

Emly Årvik
(sign.)

Svein Terje Brekke
(sign.)

Marit Hølland Gjerdrem
(sign.)

OVERSYN OVER SAKER 2019 – TYSVÆR KONTROLLUTVAL

Saker til handsaming:

- 1/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 06.11.18
- 2/19 Kommunen si handtering av avfallsaker – generelt og i ei konkret sak
- 3/19 Kontrollutvalet si årsmelding for 2018
- 4/19 Referat- og orienteringssaker 19.02.19

- 5/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 19.02.19
- 6/19 Forvaltningsrevisjonsrapporten «Kostnad og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene»
- 7/19 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2018
- 8/19 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Økonomistyring» -
- 9/19 Oppfølging av rapport – «Investeringar – avgjersgrunnlag og styring»
- 10/19 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon eller ny anbodsrunde
- 11/19 Referat- og orienteringssaker 21.05.19

- 12/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 21.05.19
- 13/19 Oppfølging av selskapskontroll - Karmsund Havn IKS
- 14/19 Revisor si eigenerklæring for 2019
- 15/19 Budsjett 2020 – kontrollarbeidet i kommunen – utvalet sitt framlegg
- 16/19 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 17/19 Evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019
- 18/19 Referat- og orienteringssaker 01.10.19

- 19/19 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
- 20/19 Møteplan for 2020 - kontrollutvalet
- 21/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 01.10.19
- 22/19 Bestilling av risiko- og vesentlegheitsvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024
- 23/19 Prosjektplan – forvaltningsrevisjonsprosjekt «Rutinar for kvalitetssikring i plan- og byggesaker»
- 24/19 Revisjonsplan for revisjon av rekneskapen 2019
- 25/19 Referat- og orienteringssaker 02.12.19

Referat- og orienteringssaker 2018 - Tysvær kontrollutval

1. Orientering v/ordfører om formannskapssak 14/18 – «Internkontroll av barnevernet»
2. Kommunestyrevedtak 06.02.18, sak 16/18 – Forvaltningsrevisjon – «økonomistyring»
3. Statusrapport pr. februar 2018
4. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2017
5. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
6. Kontrollrapport 2017 vedk. skatteoppkrevjaren for Tysvær kommune
7. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2018
8. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes 30.11.17 v/Gjerde og Paulsen
9. Rapport frå Kontrollutvalskonferansen 7.- 8.02.18 på Gardermoen v/Paulsen
10. HIM IKS – protokoll frå representantskapsmøte 29.11.17
11. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 15.12.17
12. Invitasjon frå Forum for kontroll og tilsyn - FKT- konferanse 29.-30.05.18
13. Kommunestyrevedtak 20.03.18, sak 27/18 – Oppfølging av rapport – «Internkontroll»
14. KSTvedtak 20.03.18, 28/18 – Oppfølg. av rapp. – «Kvalitet på opplæring i skulen»
15. Kommunestyrevedtak 20.03.18, sak 29/18 – Årsmelding2017 - kontrollutvalet
16. Statusrapport pr. mai 2018
17. Status frå KPMG om igangsatt forvaltningsrevisjon «Investeringsprosjekt»
18. Representantskapsmøtet 18.04.18 - Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
19. Representantskapsmøtet 20.04.18 - Haugaland Vekst IKS
20. Representantskapsmøtet 23.04.18 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
21. Innkalling til havnerådsmøte 26.04.18 – Karmsund Havn IKS
22. Innkalling til repr.skapsmøte 23.05.18 – Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS
23. Innkalling til generalforsamling 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
24. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarer: Taushetsplikt og lukket møte
25. Kommunal Rapport 07.05.18 – Bernt svarer: Komitémøte kan være fjernmøte
26. NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene»
27. FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene»
28. NKRF – framlegg til ny kommunelov bidrar til styrka eigenkontroll
29. Statusrapport pr. august 2018
30. Generalforsamlingsprotokoll 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
31. Kommunestyrevedtak 12.06.18, sak 36/18 – Karmsund Havn IKS – selskapskontroll
32. Orienteringssak til FSK 21.08.18 – Månadsrapport pr. juli/august 2018
33. Kommunal Rapport 12.08.18 – Debattinnlegg av NKRF- leder – «Tillit og kontroll»
34. Statusrapport pr. oktober 2018
35. Kommunestyrevedtak 25.09.18, sak 54/18 – Forvaltn.rev.rapport «Investeringar»
36. Komm.styrevedtak 25.09.18, sak 56/18 – Fritak frå verv og nyval til kontrollutvalet
37. Hgsds Avis sin leder 05.09.18 om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS
38. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet
39. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordfører
40. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysning av møter i folkevalgte organ
41. Haugaland Kraft AS – innkalling til ekstraordinær generalforsamling 26.11.18
42. Varsel om tilsyn - samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune 4.12.18
43. Høstkonferansen 2018 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18 – påmelding
44. HIM IKS – innkalling til representantskapsmøte 28.11.18

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	04.02.20	5/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.02.20**Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Referatsakene nr 1 – 14 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval vil be rådmannen i møtet 12.05.20 orientere om kommunen sin oppfølging av rapportene om brot på opplæringslova kap 9a og det vidare arbeid innen dette område.

Vedlegg:

1. Statusrapport pr. februar 2020
2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2019
3. KPMG - Orienteringsbrev om oppstart av arbeidet med ROV-vurderinger og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll – workshop 17.03.20
4. Fylkesmannen i Rogaland – informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2020
5. Fylkesmannen i Rogaland – tilsynskonferanse 14.02.20
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 27.11.19
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
8. Innkalling til representantskapsmøtet i Haugaland Brann og redning IKS 05.02.20
9. Tilbakemelding/evaluering - konferansen i Sandnes 09.01.20 v/Årvik og Gjødrem
10. Tilbakemelding/evalu. - Kontrollutvalskonferansen 29.-30.01.20 på Gardermoen v/sekr.
11. Hugesunds Avis 04.12.19 om regelbrudd ved to Tysvær-skoler
12. FM - tilsynsrapport 18.12.19 - trygt og godt skulemiljø - Frakkagjerd ungdomsskole
13. FM - tilsynsrapport 18.12.19- trygt og godt skulemiljø – Tysværvåg barne- og ungd.skole
14. Årsrapport og skatterekneskap 2019 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar, protokollar, rapportar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Vedk. 11, 12 og 13

Fylkesmannen har hatt tilsyn ved to skular i fjor om elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Tilsyna blei opna i juni og gjennomført ved å få tilsendt dokumentasjon. Endeleg rapport blei dagsett 18.12.19.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule har omtrent 260 elevar og 40 tilsette og Frakkagjerd ungdomsskule har 330 elevar og 43 tilsette. Dett er to av åtte skoler i Tysvær. I rapportane kjem det fram at skolene ikkje oppfyller regelverket sine krav på ein rekkje punkt. Til saman er det funne 16 lovbrøt. Det er sett frist til for retting til 1. april 2020.

Utvalsleiar ønskjer at rådmannen og/eller skulesjefen kjem i neste møte for å orientere om dei tiltak som er sett i verk for å rette brota etter opplæringslova. Sekretær støtter eit slik framlegg.

Bakgrunn for tilsyna er lovendring i 2017 i opplæringslova kap. 9a, som stiller strengare krav til oppfølging av sårbare elevar. Utvalet vil i mai også få kommunen si tilbagemelding som referatsak.

Vedk pkt 14

Kontrollutvalet har mottatt årsrapport og skatterekneskap 2019 frå skatteoppkreveren for Tysvær (se vedlegg).

Skatterekneskapen for 2019 viser ein samla skatteinngang på 1,258 milliarder kr. Som er ei auke frå året før på 3,7 %. Auka skyldast økte innbetalningar frå personlege skattytarar og auka innbetalningar av arbeidsgjevaravgift. Det er betydeleg nedgang i forskotsskatt og restskatt for upersonlege skattytarar. Kommunen sin andel av skatteinntekta i 2019 var på 303,3 mill. kr. Dette inneberer ei auke på 2,3 % i forhold til tilsvarende periode i 2018. Inngangen er 65,4 mill. kr over budsjett pr. desember 2019.

Kommunen har i 2019 satt av 10 % til marginavsetning, som utgjør 17,3 mill. kr. Dette er midlar som er heldt tilbake for å dekke utbetalningar av til gode skatt når skatteoppgjøret blir klart i påfølgande år. Marginoppgjøret for 201 viste overskot på ca. 88,5 mill. kr. Ifølge kemneren vil det gjort framlegg om å redusere prosentsatsen til 8 %. Ved utgangen av 2019 er det en nedgang i restansar mot skattytarar i kommunen på 0,5 mill. kr. Haugaland arbeidsgiverkontroll har utført arbeidsgjevarkontroll for Tysvær kommune. Dette er eit samarbeid med ni kommunar i distriktet.

Kontrollutvalet kan berre ta sjølv rekneskapen til orientering. Revisjonshandlingane knytte til dette regnskapet er ein statleg oppgåve, og skatterekneskapen vert godkjent på nasjonalt nivå av Stortinget. Skatteoppkreverfunksjonen er inn til vidare ein kommunal oppgåve, og kontrollutvalet har derfor ein tilsynsrolle overfor skatteoppkrevjar, og kan om nødvendig kommentere forhold knytte til organisering av arbeidet mv.

Stortinget har vedtatt at skatteoppkreverfunksjone skal bli overfør til staten frå 1.6.2020.

Aksdal, 28.01.20

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



1

Kontrollutvalet i Tysvær - Statusoversikt januar 2020

Rapportar frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Kvalitetssikring i plan- og byggesaker eller anna	05.02.20	220 t.	Til bestilling	Haust 2020	

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon/ selskapskontroll	Bestilt	Kontroll- utval	Behandl- ing i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Kvalitet og ressurs- effektivitet innan pleie og omsorgstenestene	06.11.18, sak 25/18	21.05.19, sak 6/19	17.06.19, sak 34/19	13.05.20, sak.	9 månadar
Andre saker					
Tilsynsrapportar - FM	05.02.20	13.05.20			Skulesjef
Handtering av avfall	06.11.18	19.02.19			Teknisk sjef
Personvernlova	28.05.18	04.09.18			Personalsjef
Bruk av komm. utstyr	28.05.18	04.09.18			Personalsjef

Avslutta prosjekt pr. jansuar

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt oppi KST	Merknader
				-	
«Investerings- avgjerdsgrunnlag og styring»	27.02.18, sak 5/18	04.09.18, sak 19/18	25.09.18, sak 54/18	18.06.19, sak 32/19	
«Økonomistyring»	30.05.17, sak 13/17	14.11.17, sak 25/17	06.02.18, sak 16/18	18.06.19, sak 33/19	
«Kvalitet på opplæringa i skulane»	08.09.16, sak 17/16	07.02.17, sak 6/17	07.03.17, 13/17	20.03.18, sak 28/18	
«Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16	07.03.17, sak 12/17	2. gang 20.03.18, 27/18
Selskapskontroll					
Oppfølging av Karmsund Havn IKS	12.06.18, sak 36/18	01.10.19, sak 13/19	22.10.19, sak 79/19		
Andre saker					
Plan for forvaltnings- revisjon 2020-2024	02.12.19, sak 24/19	Våren 2020	Hausten 2020	Neste 4 år	KPMG AS
Plan for eigarskontroll 2020-2024	02.12.19, sak 24/19	Våren 2020	Hausten 2020	Neste 4 år	KPMG AS



1 TYSVÆR KOMMUNE (2019) - År/Periode 2019 1 - 12

	Regnskap 2019	Per.b(end) 2019	%- forbr	27.01.2020 Buds(end) 2019	%- forbr
Ansvar: 1012 POLITISK					
Teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON					
10509 ANNA TREKKPLIKTIG LØN	244	0	0	0	0
10801 GODTGJERSLE FOLKEVALDE	21.000	40.000	53	40.000	53
10803 TAPT ARBEIDSFORTENESTE	0	6.400	0	6.400	0
10900 PENSJON KLP	0	5.000	0	5.000	0
10990 ARBEIDSGJEVARAVG	2.995	7.247	41	7.247	41
11500 KURSUTGIFTER	7.762	20.000	39	20.000	39
11600 KILOMETERGODTGJERSLE	1.612	7.000	23	7.000	23
11709 ANDRE REISEUTGIFTER, - UTLEGG	1.195	0	0	0	0
11952 KONTINGENTAR OG LSENSAR	8.000	3.900	205	3.900	205
13700 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	478.203	520.000	92	520.000	92
13750 KJØP FRÅ IKS DER KOMMUNEN SJØLV E	198.000	200.000	99	200.000	99
14290 MVA.PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIG (DRIFT)	120.356	130.000	93	130.000	93
Sum utgifter	839.367	939.547	89	939.547	89
 Sum teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON	 839.367	 939.547	 89	 939.547	 89
 Sum ansvar: 1012 POLITISK	 839.367	 939.547	 89	 939.547	 89
 TOTALT	 839.367	 939.547	 89	 939.547	 89



KPMG AS
Postboks 4 Kristianborg
Kanalveien 11
N-5822 Bergen

Telephone +47 04063
Fax +47 55 32 71 20
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

3

Tysvær kommune kontrollutval
v/ Toril Hallsjø
Rådhusvegen 9
5570 Aksdal

Haugaland
Kontrollutvalgsekretariat IKS
Mottatt dato: 07.01.20
Journalført: 20/00171-the
Arkivkode: 214

7. januar 2020

Orienteringsbrev om oppstart av arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Vi viser til kontrollutvalets bestilling av risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2024. KPMG skal gjennomføre analysane og utarbeide planane for kontrollutvalet.

Formålet med planane

Plan for forvaltningsrevisjon skal peike ut områder innanfor verksemda til kommunen som bør prioriterast for forvaltningsrevisjonsprosjekter i planperioden. Planen skal vere basert på ei overordna analyse av risiko og vesentlegvurderingar av heile den kommunale verksemda.

Plan for eigarskapskontroll skal peike ut områder ved eigarstyringa og selskap som bør prioriterast for eigarskapskontroll i planperioden. Planen skal vere basert på ei overordna analyse av risiko- og vesentlegvurderingar for selskap som kommunen eig og eigarstyringa.

Begge planane skal vedtakast av kommunestyret.

Gjennomføring av oppdraget – workshops og involvering av kommunen

For å gjennomføre oppdraget vil vi:

- Kartlegge og forstå kommunen
- Ha workshop med administrasjon og politikarar for å etablere og verifisere mulige områder og selskap for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- Dokumentere analysane
- Utarbeide planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Vi vil avhalde to workshops i Tysvær kommune. Me legg opp til at den enkelte workshop vil ta to timar. Vi legg opp til å gjennomføre ein workshop med kontrollutvalet sine medlemmar og sekretariat, ordførar og dei politiske utvalsleiarane. Vidare ynskjer vi å gjennomføre ein workshop med sentrale personar i kommunen sin administrasjon. Irekna rådmann, kommunalsjefar og stabsleiarar. I tillegg ynskjer me å invitere med hovudverneombod.

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

KPMG Confidential

Offices in:

Oslo
Alta
Arendal
Bergen
Bodo
Bryne
Drammen

Elverum
Finnsnes
Hamar
Haugesund
Knaresund
Kristiansund
Molde

Molde
Trondheim
Skien
Sandnessjøen
Stavanger
Stord

Straume
Tynset
Ulslevik
Sandnessjøen
Ålesund



Formålet med workshopen vil vere å identifisere risikoar som Tysvær kommune står ovanfor og kor vesentlege desse risikoane er. Dette vil danne grunnlaget for å vidare kunne å etablere og verifisere mulige områder og selskap for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Me håpar flest mulig kan delta på workshopen og bidra inn i dette viktige arbeidet.

Vennlig helsing,
for KPMG AS

Bjørg Rabbe Sandven
Prosjektleder



Fylkesmannen i Rogaland

Vår dato:

19.12.2019

Vår ref:

2019/12301

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref: **Haugaland**

Kontrollutvalgsssekretariat IKS

«REF»

Mottatt dato: **20.12.19**

Journalført: **17/486/091**

Arkivkode: **216**

Kontakt saksbehandlar

Maren Skåden, 51 56 88 32

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland i 2020

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunane og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket og Kartverket og planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.

Vi gjer merksam på at frå januar 2020 vil Fylkesmannen i Rogaland ta i bruk felles nasjonal tilsynskalender. KMD sender i desse dagar ut eit brev til alle kommunane i landet med nærare informasjon om kalenderen. Vi syner til den informasjon om felles nasjonal tilsynskalender som vil gå fram av KMD sitt brev.

I tillegg til at tilsyna vil bli lagt ut på den nye felles nasjonale tilsynskalenderen på nett har vi utarbeida ein oversikt med Fylkesmannen og Arkivverket sine tilsyn. Denne følgjer med som vedlegg til dette brevet. Mattilsynet, Statens vegvesen og Arbeidstilsynet har ikkje bestemt seg for kva kommunar som vil få planlagde tilsyn ennå, og er derfor ikkje med i oversynet. Kartverket har ikkje planlagt tilsyn i Rogaland i 2020.

Arbeidstilsynet vil ha eit særleg fokus på arbeidslivskriminalitet og dei utfordringane dette fører med seg i arbeidslivet. Kommunane vil vere av interesse her, jamfør tilsyn med regelverket om offentlege anskaffingar.

Arbeidstilsynet vil også føre tilsyn med kommunane som byggherre og kommunen som oppdragsgivar. Sistnemnte med utgangspunkt i forskrift om løn- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Arbeidstilsynet vil fortsette næringssatsinga som omhandlar vald og trugslar innan helse og sosial med rettleiing på kommunedirektørnivå i nokre kommunar. Arbeidstilsynet vil som i 2019 også i 2020 delta i eit forskingsprosjekt under leiing av STAMI (Statens Arbeidsmiljøinstitutt) om effekt av tilsynet sitt verkemiddelbruk. Målgruppa vil vere heimesjukepleie og heimehjelp.

Mattilsynet sine hovudprioriteringar for 2020 er leveringstryggleik på drikkevatn og kvalitet på distribusjonssystema for drikkevatn. Når det gjeld tilsyn med kommunane skal Mattilsynet også prioritera rettleiing og tilsyn med hygiene og rutinar i kommunale og private barnehagekjøkken i 2020.

E-postadresse:
fmropost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Postboks 59
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44

Telefon: 51 56 87 00
www.fylkesmannen.no/ro

Org.nr. 974 763 230



Arkivverket sine tilsyn har som føremål å sikra at arkiv som har verdi innan kultur eller forskning, eller som inneheld dokumentasjon med rettsleg eller forvaltningsmessig dokumentasjon vart ivareteke og gjort tilgjengeleg for samtid og ettertid.

Statens vegvesen vil i hovudsak utføre risikobaserte tilsyn, retta mot verksemder der det er sannsynleg å avdekkje lovbrøt. Kva verksemder som får tilsyn, avheng av kva opplysningar SVV mottek, og/eller kva SVV sjølv avdekkjer i sitt arbeid. Det er eit krav om å vere registrert i SSV sitt parkeringsregister for å kunne tilby vilkårsparkering. Skulle SVV finne at kommunar i Rogaland som tilbyr vilkårsparkering ikkje har registrert seg, vil det bli ført tilsyn med desse.

Kartverket har ikkje planlagt å føre tilsyn med kommunar i Rogaland i 2020. Kartverket trekkjer ut eit tilfeldig utval i grupper basert på folketal og fylkesvis fordeling. Alle kommunane er med i kvar trekking og det kan føre til at kommunar kan bli trekte ut til nytt tilsyn, kort tid etter førre tilsyn.

Fylkesmannen si utdanningsavdeling vil i 2020 gjennomføre felles nasjonale tilsyn (FNT) på områda skolemiljø og skolebasert vurdering. I tillegg vil vi gjennomføre tilsyn med kommunane si ivaretaking av spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, gratisprinsippet i vidaregåande opplæring, og introduksjonslova for nykomne flyktningar.

Statens helsetilsyn har avgjort at det landsomfattande tilsynet med barnevernlova skal rettast mot barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar. Det vert også tilsyn med tilgjengelegheit til sosiale tenester i NAV og tvungen helsehjelp i kommunale helse- og omsorgstenester.

Miljødirektoratet har ikkje planlagt å gjennomføre landsomfattande kommunetilsyn i 2020. Miljøvernavdelinga har derfor ingen planlagde tilsyn med kommunen som forureiningsstyresmakt neste år.

Fylkesmannen gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

